



Arve Fyllingsnes  
Fyllingsnesvegen 136  
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/1850 - 17/27238

Saksbehandlar:  
Eli Bjørklid  
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:  
25.09.2017

## Tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket gbnr 214/4 Fyllingsnes.

### Dokument:

Søknad om tilskot journalført i kommunen 08.06.2017.

Med søknaden følg kart, kostnadsoverslag, bilde og søknad om omgjøring av skogsmark til innmarksbeite.

### Søknaden:

Det vert søkt om midlar til å gjerde inn utmark. Søker vil nytte området til beite for utegangar sau.

Det er søkt om tilskot til å sette opp 1334 meter gjerde og 4 køyregrinder, samt tre gjerdeklyv. Dette er trinn ein av prosjektet. Tiltaket er kostnadsrekna til kr.114970,-. Det er søkt om 50% tilskot.

Inngjerda område vert 72da.

Når gjerdet er sett opp startar kultivering til innmarksbeite. Seinare er det planen å gjerde inn resten av utmarksteigen som har eit samla areal på 220da.

### Vurdering:

Gardskartet for eigedommen syner heile det omsøkte området som skogsmark av høg bonitet. Grunnlendt område som ikkje er systematisk tilplanta. Furubonitet som er preidd tresett. Klart utmarkspreg. Dette var det same i 1982 då økonomisk kart for området var ferdig.

Søker skriv : «Dette er for å vinne fram gamle beiter der det er vokst ein del furuskog/einer etter ein del tiår utan beiting.»

Søker hadde i januar 10 sau av gammalnors spæl. Dette vil han auke opp til om lag 20 vinterfora sau etter kvart.

Eigedommen har lite innmark og det er heller ikkje grunnlag i eigedommen sjølv til å auke slåttemarken.

Søker er ung og i oppstartfasen av drifta. Det er positivt at han vil satse, slik det vert synt i søknaden.

§1 i forskrift om tilskot til SMIL seier følgjande om føremålet med pengane: «Å fremja natur- og kulturminneverdiane i jordbruket sitt kulturlandskap og redusere ureining frå jordbruket ut over det som kan ventast gjennom vanleg jordbruksdrift»

Jordbruket sitt kulturlandskap er dei areala som er prega av tidlegare drift og dei spor i landskapet som denne drifta har sett att.

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733



Lindås kommune har ein strategi for korleis kommunen ynskjer å nytte dei om lag 350000 kronane som kommunen har til SMIL. Strategien seier: Tiltak skal fremje kunnskapsverdiar, opplevingsverdiar og bruksverdiar gjennom skjøtsel, vedlikehald og istandsetting.

Naturverdiar er biologisk mangfald, artar, naturtypar som er knytt til eller forma av arealbruk og driftsformar i jordbruket. Kulturminneverdiar omfattar enkeltstående kulturminne og kulturmiljø, vidareføring av kulturarv. Desse verdiane må synast fram for folk og tilskotet dekker og høve for oppleving, friluftsliv og variert landskapbilete forma av jordbruket sine aktivitetar.

Tiltakspunktet «gamal kulturmark» omfattar vegetasjonstypar som er prega av oppdyrking, beiting, slått, brenning, uttak av ved og har spor etter gamle driftsmåtar. Det kan løyvast pengar til gjerde, gjerdet er til innmarksbeite inkludert beiteskog.

Det er ikkje definert at areal til nytt innmarksbeite fell utanfor, men av samanhengen elles må ein forstå at gjerde og rydde areal som i det heile ikkje har preg av å ha vore nytta til innmarksbeite, fell utanfor.

Lindås kommune har fått inn søknader om tilskot til nærare to millionar kroner. Kommunen har til disposisjon om lag 350000 kroner. Det er såleis naudsynt med streng prioritering.

Prosjektet det er søkt om pengar til fell ikkje inn under regelverket for tildeling av SMIL, samstundes har kommunen knapt med pengar. På denne bakgrunnen vert søknaden avslått.

#### **Vedtak:**

Med heimel i forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket §8 og Lindås kommunen sin strategi for bruk av SMIL-midlar 2016 – 2019, vert søknad om tilskot til å sette opp gjerde i utmark for å kultivere nye innmarksbete på gbnr 214/4, avslått.

Grunngjeving går fram av saksutgreiinga.

#### **Klage:**

Avgjerda er eit enkeltvedtak, og partane har klagrett etter fovaltningsslova §§ 28 flg. Klagefristen er tre veker frå ein fekk vite om vedtaket. Fylkesmannen er klageinstans, men klagen skal sendast til Lindås kommune.

Med helsing

Kjartan Nyhammer  
landbrukssjef

Eli Bjørklid  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Mottakarar:**

Arve Fyllingsnes

Fyllingsnesvegen 5913  
136

EIKANGERVÅG

